



FORMÅL

- Sikre at personleg verneutstyr vert nytta på rett måte der dette er påkrevd
- Valg av rett verneutstyr skal vera ein naturleg del av planlegginga av den enkelte arbeidsoperasjon.

ANSVAR

Arbeidsleiar er ansvarleg for at instruksjonen er kjent og blir fulgt.

Dei tilsette er sjølv ansvarlege for å bruka verneutstyr der dette er påkrevd (AML§ 2-3), ta vare på sitt personlege verneutstyr og gi beskjed til overordna dersom utstyret ikkje er i tilfredsstillande stand. Manglande bruk av verneutstyr kan medføre disiplinær reaksjon.

Ved besøk er det besøksansvarleg som skal sjå til at gjestene nyttar påkrevd verneutstyr.

BESKRIVELSE

1.1 Generelt om verneutstyr

Alt personleg verneutstyr skal vera CE-merka

Det skal følgja bruksanvisning med verneutstyret som viser kva type vern utstyret er konstruert for.

Godkjent verneutstyr skal delast ut til tilsette etter behov.

Personleg verneutstyr skal vera:

- Hjelm
- Vernebriller
- Høyrselvern
- Gassmaske
- Arbeidshanskar
- Vernesko
- Arbeidstøy med synlighetsklasse 2

Det skal vera ein årleg gjennomgang av alle sitt verneutstyr i samband med driftsmøter i februar/mars. Ansvarleg for gjennomgangen: Driftsleiar

Ved all planlegging skal det tilstrebast å leggja organisatoriske og tekniske forhold til rette slik at utvida bruk av personleg verneutstyr er unødvendig.

Påbode personleg verneutstyr ved alt arbeid:

- Arbeidstøy med synlighetsklasse 2
- Vernesko:
 - Spikertrampsåle
 - Tåvernhet
 - Kjemikaliebeskyttelse, der dette er behov
 - Antistatisk og skliskre

Bruk av hjelm:

- Det er ikkje hjelmpåbud ved anlegga, men hjelm med visir skal alltid brukast ved hogst der motorsag vert nytta. Hjelm skal også nyttast ved arbeidsoperasjonar der det f.eks er fare for fallande gjenstandar eller at det i ein SJA (sikker jobb analyse) er identifisert bruk av hjelm som eit tiltak.

Identifikasjon	Utarbeida av:	Verifisert av:	Godkjent av:	Rev / Dato:	Side
HIM-40-I-02 Bruk av verneutstyr	JHA / MHA	OAS	GST	03 / 13.12.2013	1 av 4
	MHA	OAS	GST		

Bruk av augevern

- Vernebriller
- Tettsitjande briller (goggles)
- Skjerm/visir

Vernebriller gir vern mot væsker som ikkje er under trykk, støt/stikk frå gjenstandar og bevegelige partiklar med låg fart. Vanlige vernebriller gir ikkje totalt vern. (partiklar og sprut kan komme mellom briller og auger. Vanlige briller kan ikkje erstatta vernebriller. Tilsette som treng vernebriller skal få dette dekkja av arbeidsgjevar.

Vernebriller evt. skjerm/visir skal nyttast ved all manuell handtering av farleg avfall.

Goggles skal brukast der det er fare for høghastigetspartiklar f.eks arbeid med skjærebrenning,sliping og sandblåsing.

Skjerm/visir gir godt vern for heile ansiktet og skal brukast ved f.eks sveising og arbeid med etsande kjemikalier.

Arbeidstøy:

Bruk av synlighetsmarkert arbeidstøy er påbode ved arbeid både i og utanfor miljøparkane.

Dette gjeld også transportørar som lesser/lossar inne på miljøparkane.

Refleksvestar kan lånast i vekta ved behov.

Ved arbeid med motorsag er det påbode å bruke bukse med innsydd beinvern, støvlar med sagvern og tåhette i stål, og hjelm med visir og hørselsvern.

Klede som er gjennomtrekt av olje eller kjemikalier skal straks skiftast.

Hørselsvern:

Alle tilsette har tilgang til hørselsvern.

Ein tommelfingerregel er at ein skal nytta hørselsvern dersom det er vanskeleg å oppfatta ein samtale på 1 meters avstand. Svært høge og kortvarige lydimpulsar kan og gi permanent hørselsskade, f.eks ved bruk av slegge/hammar mot stål.

Arbeidshanskar:

Ved handsaming av farlig avfall skal hanskar alltid nyttast. Desse skal vera olje/kjemikaliebestandige, f.eks nitrilhanskar.

Ved handsaming av syrer og basar skal nitrilhanskar med lange mansjettar brukast.



Nitrilhanskar med lange mansjettar

Ved arbeid med skarpe gjenstandar eller generelt arbeid der det er fare for kuttskader skal kraftige arbeidshanskar brukast.

Åndedrettsvern:

Åndedrettsvern skal nyttast der luftkvaliteten er dårleg eller kan vera helseskadeleg. Tilsette som skal bruka slikt utstyr skal ha opplæring og instruksjon i bruk av dette.

Typar åndedrettsvern:

- Eingongs støvmaske, er egna til å fjerne støv og partiklar frå pustelufta.
- Halvmaske med filter type P3 og ABEK
- Overtrykksmaske med batteri og filter type TH2P (partikkelfilter)



Overtrykksmaske med filter og batteribakke



Gassmaske med P3 og ABEK1 filter

Den tilsette er sjølv ansvarleg for dagleg vedlikehald av sitt personlege åndedrettsvern. Åndedrettsvernet skal oppbevarast støvfritt og tørt når det ikkje er i bruk. Leverandøren sine retningslinjer for skifte av filter skal følgjast.

Fallsikringsutstyr:

Fallsikringsutstyr skal kun brukast ved mellombels arbeid der andre sikringstiltak ikkje er moglege.

1.2 Bruk av verneutstyr:

Miljøbil er utstyrt med:

- øyenskyll, nøytral og saltløsning, har øyenskyll i beltet under arbeid med farlig avfall
- visir/vernebriller
- diverse typar hanskar
- gassmaske
- støvlar og eingongsdress (i ADR-bag)

Ved handtering av batteri: bruk visir/vernebriller og nitrilhanskar

Handtering av spillolje: bruk vernebriller og nitrilhanskar

Handtering av PCB- vinduer: dersom knuste ruter og manuell handtering av desse, skal kjemikaliebestandige arbeidshanskar med lange mansjettar nyttast.

1.3 Hygienetiltak:

I avfallshandsaming kjem ein i kontakt med stoff som kan utgjera ein helserisiko. Det er difor viktig å vera nøyte både med personleg hygiene og reinhald av utstyr og bygningar.

**ARBEIDSTØY OG PRIVAT TØY SKAL HALDAST FRÅSKILT OG I EIGNE GARDEROBAR.
ARBEIDSTØY OG VERNESKO SKAL IKKJE NYTTAST INNE ANDRE STADER ENN I
GARDEROBEOMRÅDA.**

I samband med møter og matpause i spiserom/møterom skal alltid arbeidskler og vernesko tas av i garderobe. Dersom ein skal gi ein beskjed til tilsette på kontor/vekt skal ein ta på blå plastsokkar og henga av ytterjakke.

Arbeidstøyet skal vaskast i eigne vaskemaskinar på arbeidsplassen og ikkje takast med heim.

Ved tilkomst i arbeidstøy skal ein nytta personalinngangen. Ved bruk av garderobane skal desse rutinane følgjast:

- Sko og regntøy skal spylast og leggjast i grovgarderoben.
- **Arbeidshanskar skal leggjast i skitten garderobe.**
- Arbeidstøy skal hengjast i garderobe for arbeidstøy.
- Privat tøy skal hengjast i garderobe for privat tøy.
- **Skikkeleg vask av hender før ein går frå garderobe er viktig.**

Tilsette som er i direkte kontakt med avfall skal alltid nytta arbeidshanskar.

Utstyr som er i direkte kontakt med avfall som hjullastar o.a. skal reingjerast etter bruk. Hjullastar og andre maskinar skal også reingjerast innvendig minst kvar veke.

Etter arbeid med sigevatn, kompost etc. skal me alltid spyla sko og regntøy godt.

Desinfeksjonsmiddel er å finna i grovgarderobane og ved vask i behandlingsrom farlig avfallsbygg. Desinfeksjonsmiddel skal nyttast etter behov eller når ein har vore i kontakt med avfall.

Ansvarleg: Kvar einskilt arbeidstakar

Garderobane skal reingjerast minst 2 gonger pr. veke.

Ansvarleg: Reinhaldar/Personalansvarleg

Avviksbehandling: Brot på påbod om personleg verneutstyr skal påtalast overfor den det gjeld. Dersom vedkommande ikkje rettar seg etter pålegget kan denne visast vekk frå området påbodet gjeld. Gjentekne brot skal meldast adm.dir.

REFERANSER

LOVER/FORSKRIFTER

- AML § 3-2
- Forskrift om personleg verneutstyr på arbeidsplassen
- Vern mot eksponering for kjemikalier på arbeidsplassen
- Forskrift om tekniske innretningar
- Forskrift om støy på arbeidsplassen

RELATERTE DOKUMENT

- HIM-40-I-04 Henting, håndtering og lagring av farleg avfall
- HIM-40-P-01 Rapportering av uønska hendinga